



Og Arkitekter AS  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1546 - 19/1140

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
17.01.2019

## Mellombels bruksløyve - gbnr 22/260 Driftstasjon Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 17/2019**

**Tiltakshavar:** Meland kommune

**Ansvarleg søkjar:** Og Arkitekter AS

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.06.18

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering av tomte.
2. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: Driftbygg

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.03.19  
Det vert elles vist til søknad motteken 17.01.19.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	driftsbygg
Bygningsnummer:	300690816
Bruksareal:	981,7 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt

Tal på røykløp:	0
-----------------	---

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for driftsbygg på gbnr gbnr 22/260 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.03.19.
3. Avfallsplan med kvitteringar skal ettersendast før ferdigattest kan utstedast.
4. Dokumentasjon for vassmålar installasjon skal ettersendast snarast.

**Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1546

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Meland kommune  
Nordhordland og Gulen  
Interkommunale  
Renovasjonnsselskap Iks

Postboks 79            5906  
Lindåsvegen 1260   5956

FREKHAUG  
HUNDVIN

**Mottakarar:**  
Og Arkitekter AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN